



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Telefonmøte Ulvik
Dato: 01.04.20
Klokkeslett: 18.00 – 19.00

Tilstades på møtet

Medlem:

Knut Sygnestveit
Stig Yngve Røkenes
Atle Ulgenes
Kåre Olai Solheim
Johannes Sponheim

Sekretær:

Harald Normann Andersen

Sak 11.20 Reinsjakta 2020
Sak 12/20: Småviltjakta 2020

Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Atle Ulgenes

Kåre Olai Solheim

Johannes Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. P.b. 2, 5731 Ulvik
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Sak 11/20 Reinsjakta 2020

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Det vart på siste møte vedtatt at gjeldande prisar for villreinjakta 2020 skulle vere:

Fritt dyr:	3800,-
Simle/Ungdyr:	2400,-
Kalv:	1200,-

(halv pris for innanbygdsjegerar)

Om det vart reine bukkekort under villreinjakta til hausten som i fjor måtte prisane for denne kategorien reduserast sidan ein ikkje kan felle andre dyr på desse løyve.

1 bukk	: 1.500,-
2 bukkar	: 2.700,-
3 bukkar	: 3.700,-

Dobbel pris for utanbygdsjegerar.

No er det framlegg frå villreinutvalet på Hardangervidda om ei kvote på 5000 løyve med 2500 bukkeløve og 2500 frie dyr. Ut frå framlagt kvote vil Ulvik fjellstyre få 186 løyve (93 bukk og 93 frie dyr). For å få ei brukbar omsetjing på desse løyva foreslår eg at fjellstyre tilbyr ei pakke på 1 bukkeløyve og 1 fridylrøyve til ein pris på 3.200,-. Då sel me bukken for 1500,- og fritt løyve for 1.700,-. Dette betyr at me reduserer prisen på fritt dyr med kr. 200,- i høve vedtak på siste møte.

Etter at innanbygdsjegerane har fått tildelt løyve vil eg foreslå at fjellstyre legg 15 pakkar ut for sal til utanbygdsjegerar på Osafjellet.

Resterande løyve etter tildeling og trekking prøver dagleg leiar å selje til rettighetshavarar andre stader på Hardangervidda.

Framlegg frå villreinutvalet i Nordfjella er ei kvote på 250 dyr med ei fordeling på 40 % frie dyr, 30% simle/ungdyr og 30% kalv. Av desse vert Ulvik fjellstyre tildelt 36 løyve. Etter at Osa / Sævartveit privat har fått sine 3 løyve, og innanbygdsjegerane har fått tildelt sine løyve, vert resterande løyve seld til utanbygdsjegerar.

Det vert annonsering i avisa Hordaland tysdag 7. og onsdag 15. april. Salssida på Inatur vert opna 4. april kl. 09.00. Siste frist for å søkje villreinjakt vert sett til 2. mai kl. 23.59.

Framlegg til vedtak:

Hardangervidda

Ulvik fjellstyre tilbyr pakkar på 1 bukkeløyve og 1 fritt dyr til kr. 3.200,- på Hardangervidda villreinområde hausten 2020. Prisen for fritt dyr vert redusert frå kr. 1.900,- til 1.700,-. Osa /

Sævartveit privat skal ha 6 bukk og 6 fritt dyr løyve. Fjellstyre legg ut 15 pakkar til kr. 6.400,- på Osafjellet til utanbygdsjegerar.

Nordfjella

Etter at Osa / Sævartveit privat har fått sine 3 løyve, og innanbygdsjegerane har fått tildelt sine løyve, vert resterande løyve seld til utanbygdsjegerar.

Det vert annonsering i avisa Hordaland tysdag 7. og onsdag 15. april. Salssida på inatur vert opna 4. april kl. 09.00. Siste frist for å søkje villreinjakt vert sett til 2. mai kl. 23.59.

Vedtak:

Hardangervidda

Ulvik fjellstyre tilbyr pakkar på 1 bukkeløyve og 1 fritt dyr til kr. 3.200,- på Hardangervidda villreinområde hausten 2020. Prisen for fritt dyr vert redusert frå kr. 1.900,- til 1.700,-. Osa / Sævartveit privat skal ha 6 bukk og 6 fritt dyr løyve. Fjellstyre legg ut 15 pakkar til kr. 6.400,- på Osafjellet til utanbygdsjegerar.

Nordfjella

Etter at Osa / Sævartveit privat har fått sine 3 løyve, og innanbygdsjegerane har fått tildelt sine løyve, vert resterande løyve seld til utanbygdsjegerar.

Det vert annonsering i avisa Hordaland tysdag 7. og onsdag 15. april. Salssida på inatur vert opna 4. april kl. 09.00. Siste frist for å søkje villreinjakt vert sett til 2. mai kl. 23.59.

Samrøystes vedtatt.

Sak 12/20 Småviltjakt 2020

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Vedtekne prisar Ulvik SA for 2020:

Dagskort: 250,-

Vekeskort: 1000,-

Sesong: 1500,-

Halv pris for innanbygds

Sist haust var det mange småviltjegerar i Finsområdet dei fyrste dagane i jakta, og det kom meldingar bruk av hund med lang-line og om jakting i mellom hyttene i området.

Sakshandsamar foreslår at fjellstyre delar Statsallmenningen opp i jaktfelt for å spreie jegerane ut over eit større område fyrste delen av jakta. Det kan vere fornuftig å sjå på modellen til Rauland fjellstyre der dei berre sel vekeskort dei fyrste 14 dagane i jakta. I tillegg

vert det lagt ut 4 sesongkort for kvart jaktfelt med jaktstart frå 15. september. Då vil ein avgrense tal jegerar i terrenget. Etter dei fyrste 14 dagane vert det opna for dagskort. Av kartet vil de sjå at allmenningen er delt inn i 4 jaktfelt. Eg vil foreslå at fjellstyre sel 10 - 15 vekeskort på kvart jaktfelt kvar veke dei to fyrste vekene.

Det vil i praksis bety:

Skipanuten jaktfelt:	15 vekeskort (15.09-21.09)	15 vekeskort (22.09-28.09)
Grjotrusti / Osafjellat jaktfelt:	15 vekeskort (15.09-21.09)	15 vekeskort (22.09-28.09)
Finse sør jaktfelt:	10 vekeskort (15.09-21.09)	15 vekeskort (22.09-28.09)
Nordfjella jaktfelt:	15 vekeskort (15.09-21.09)	15 vekeskort (22.09-28.09)

Framlegg til vedtak:

Allmenningen vert for utanbygdsjegerar delt inn i 4 jaktfelt med fyljande tilbod:

Skipanuten jaktfelt:	15 vekeskort (15.09-21.09)	15 vekeskort (22.09-28.09)
Grjotrusti / Osafjellet jaktfelt:	15 vekeskort (15.09-21.09)	15 vekeskort (22.09-28.09)
Finse sør jaktfelt:	10 vekeskort (15.09-21.09)	15 vekeskort (22.09-28.09)
Nordfjella jaktfelt:	15 vekeskort (15.09-21.09)	15 vekeskort (22.09-28.09)

I tillegg vert det lagt ut 4 sesongkort for utanbygdsjegerar i kvart jaktfelt. Etter 14 dagar vert det og mogleg å kjøpe dagskort.

Innanbygdsjegerar får tilbod om dagskort, vekeskort og sesongkort frå fyrste jaktdag. Desse korta gjeld for heile Ulvik Statsallmenning.

Vedtak:

Ulvik Statsallmenning vert for utanbygdsjegerar delt inn i 4 jaktfelt med fyljande tilbod:

Skipanuten jaktfelt:	15 vekeskort (15.09-21.09)	15 vekeskort (22.09-28.09)
Grjotrusti / Osafjellet jaktfelt:	15 vekeskort (15.09-21.09)	15 vekeskort (22.09-28.09)
Finse sør jaktfelt:	10 vekeskort (15.09-21.09)	15 vekeskort (22.09-28.09)
Nordfjella jaktfelt:	15 vekeskort (15.09-21.09)	15 vekeskort (22.09-28.09)

I tillegg vert det lagt ut 4 sesongkort for utanbygdsjegerar i kvart jaktfelt. Etter 14 dagar vert det og mogleg å kjøpe dagskort i kvart av dei 4 jaktfelta..

Innanbygdsjegerar får tilbod om dagskort, vekeskort og sesongkort frå fyrste jaktdag. Desse korta gjeld for heile Ulvik Statsallmenning.

Vedtak er gjort med heimel i § 23 i Viltlova.. Framlegg til vedtak vert sendt Ulvik herad for uttale.

Samrøystes vedtatt.